

Årsmelding 2017

orientering.fordeidrettslag.no



Førde IL Orientering 2017

Oppsummering av 2017

Årsmelding frå teknisk råd

Årsmelding frå turorienteringa

Årsmelding frå trenings- og rekrutteringsrådet

Rekneskap 2017

Budsjett 2018

Revisormelding

Året 2017 oppsummert.

Sesongen 2017 starta med at vi inviterte til infokveld på Fil-huset. Det kom over 30 born og vaksne, nokre kjende og andre nye i miljøet. Vi hadde idemyldring blant alle oppmøtte. Det kom fram mange gode innspel som vi har tatt med oss vidare i arbeidet med å skape god idrett. Løpebrikke og kompass blei delt ut til alle oppmøtte under 16 år som ikkje hadde dette frå før. Mest gledeleg var det at dei aller fleste nye som kom på infokvelden har vore på mange nærløp i 2017.

Antall medlemmer registrert på «min idrett» hos FIL-Orientering har auka frå 32 i 2016 til 103 ved utgangen av 2017. Dette utgjør ein del økonomisk ifht. medlemskontingent-fordeling frå FIL. Gledeleg er det også at antall deltakarar på nærløp har auka. 192 enkeltpersoner har vore med på eit eller fleire nærløp i året som gjekk.

Mange har også delteke på krinsløp rundt om i fylket og mange frå klubben har blitt krinsmeister i sin klasse. Vi har også fleire medlemmar som har delteke på nasjonale løp, både i inn og utland, med mange flotte resultat.

I november fekk alle klubbane i krinsen spørsmål om vi var interessert i å arrangere Fjord-O 2020. Styret i O-gruppa ga tilbagemelding om at det kunne vere av interesse, sammen med t.d. Tambarskjelvar. Veten/Emblem ga også uttrykk for dette, men trekte seg sidan dei nettopp hadde arrangert Fjord-O i 2016. Førde IL, i lag med Tambarskjelvar er blitt tildelt arrangementet i 2020. Vi er berre i startgropa med planlegging. For å få til eit godt arrangement, håpar vi det er mange av medlemmane som vil bidra på ulike måtar slik at vi får til et godt arrangement.

Tiltaksplan for 2017 blei utarbeidd etter årsmøtet. Vi har klart å utføre nesten alle punkta som blei sett opp. Vi manglar løypeleggar- og synfaringskurs som vi var tenkt å halde lokalt. 4 medlemmar var på løypeleggar kurs i Stryn, mens synfaringskurset er utsett til våren 2018.

Eg vil takke alle som har stått på og gjort 2017 sesongen til ein god sesong, og håpar de er med å bidra til at 2018 vil bli minst like bra.

Knut Even Hole
Leiar FIL-Orientering

Styret i FIL-orientering har bestått av:

Leiar	Knut Even Hole
Nestleiar	Julie Daling
Styremedlem	Annina Lea Schenker
Varamedlem	Torodd Os
Kasserar	Egil Nestande

Årsmelding frå Teknisk råd

Torodd Os	leiar
Egil Nestande	medlem
Helge Schei	medlem


Terminliste

Teknisk råd har sett opp terminlista for våre løp og lagt den inn i Eventor. Alle resultat frå våre løp er lagt ut fortløpande på Eventor, på Facebook og vår nettside.. Oppfølging med innsending av løpsrapport etter kvart gjennomført løp har Teknisk råd også tatt seg av.

Kartarbeid

Aktivt kartarbeid i 2017 med synfaring og digitalisering både av vårt nye løpskart Kinna og skulekartet/nærmiljøanlegget Sunde-Farsund. Eit utsnitt av det uferdige Kinna-kartet vart brukt til turorienteringa 2017. Vi sendte i mai ei PDF-fil av det uferdige skulekartet Sunde- Farsund for ev. bruk til skulesprinten.

I tillegg er det gjort korrigeringar og oppdatering av fleire kart i samband med løypelegging og løp (Bringeland/Langeland, Kråkenesmarka, Halbrendslia)



Merknader til planvedtak og planframlegg

I 2017 har det også komme ein del planframlegg og utbyggingsplanar i område der vi har utarbeidde orienteringskart. Konkret gjeld dette reguleringsplanen for Digernes hytte- og bustadområde, og planane for Gravdalsholten bustadområde. Desse planane vil i større eller mindre grad ha konsekvensar for oss, dersom og når planane blir gjennomførte.

Overfor kommunen og aktuelle utbyggarar har vi derfor gitt merknader om at planane vil ha konsekvensar for våre idrettsanlegg. I samband med dette registrerer vi at kommunen har vist seg imøtekomande der utbyggingar medfører at vi må revidere karta våre. Dette gjeld m.a. høve for oss om tilgang til digital kartdata frå kommunens kartbase.

Spelemidlar og tilskot til kart

Søknaden om spelemidlar til Kinna-kartet vart avslått med grunngjeving «Manglende midler». Tilbakemeldinga frå fylkeskommunen var likevel at «søknaden er formelt i orden og kan fornyes». Ny søknad er sendt i november 2017. Til skulekartet Sunde-Farsund søkte vi om støtte frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane, og fekk tildelt kr 9 500.

Kartarkiv

Arkivering av digitale kart følgjer samme rutine som tidlegare: Kartfilene blir lagra på minst 2 plassar (vanlegvis 4 plassar) hos følgjande personar: Torodd, Helge, Gunnar og Egil). Når eit kart blir oppdatert eller revidert sender den som står føre revisjonen den oppdaterte kartfila til dei 3 andre.

Utstyr

Ingen innkjøp av nytt postutstyr i 2017, men ca. 40 eldre posteiningar er demontert for å unngå uforvarande bruk og svikt under løp. Ved starten av sesongen hadde vi om lag 80 posteiningar av nyare dato, 60 av desse berre 2 år gamle. Dette held godt for nærløp og andre løp vi skal arrangere dei nærmaste åra. Utsifting og supplering er aktuelt i samband med Fjord-O 2020. Fleire av våre 4 MTR4 svikta mot slutten av sesongen og to stk. vart sendt til EMIT for reparasjon og skifte av batteri. Til arrangement er det kjøpt 2 stk. nye bord og eit par stolar.

O-drakter

I 2017 har vi kjøpt fleire O-drakter med vårt nye design og utforming.




Pinsesprinten 2017 på Hamar: Førde IL Orientering er godt synleg både ved sine løpar-drakter og vimpel.

(Foto: Knut Even Hole)

Turorienteringa 2017

Leiar	Kjartan Hauger
Medlem	Marius Dalin
Medlem	Knut Steinar Lote
Medlem	Kristian Bråten

I år kom vi seint i gang med sesongen. Først i begynnelsen av juni hadde vi fått satt ut poster. Det var nok ikke positivt for deltakelsen siden det kun var i mai det var fint vær i år. Totalt var det 47 deltakere. Det er noe bedre enn i fjor, men fortsatt langt unna toppåret 2001 da det var 127 deltakere.



Også i år hadde vi ferdige turer/løyper av forskjellig vanskelighetsgrad. Vi ønsket at noen av turene skulle være litt mer fjellignende i år for å skille det litt mer fra den vanlige orienteringa, samt at vi ser at folk gjerne er med på fjelltrim. Blant annet tok vi i bruk et nytt område, Kinna, som ligger i lia over Sundsdalen.

- Ulvedalane. Enkel nybegynnervennlig tur med mye sti som det var lagt opp til at kunne gjøres i to omganger.
- Sundsdalen. En kombinert enkel og tung tur med enkle poster nærmest parkeringen og mer krevende poster for de som orket å klatre opp lia.
- Kinna. Middels tung tur med mye mye. Denne kunne også tas i to omganger.
- Viestølsmarka. Tung tur i åpen fjellmyr med mye utsikt. Flott terreng, men ikke så lett tilgjengelig.

Vi hadde en plan om også i år ha med sentrumsnær fotoorientering. Denne gang i Sjukehusparken, men den utgikk av forskjellige grunner.

Barne- og nybegynnervennlige poster er populære, så kanskje er dette en målgruppe vi skulle satse enda mer på? Samtidig er det en kjensgjerning at flesteparten av deltakerne er i den eldre garde.

Salg via nettet eller Erdal Sport.

Årsmelding Trenings- og rekrutteringsråd 2017

Gunnar Gytri - leiar
Jostein Fredly -medlem
Annina Schenker -medlem
Tor Christopher Fink -medlem
Asgeir Årdal -medlem

Rekrutteringstiltak;

Informasjon til nye brukarar.

29 mars gjennomførte vi informasjonskveld på Hafstadparken med tilhøyrande o-løp. Målgruppa var barn og ungdom. Informasjon om tilboda som o-gruppa hadde. Godt frammøte. Barn under 12 år **14 stk**, Ungdom 13-16 år, **4 stk**, og Vaksne foreldre **14 stk**. Fleire gode tilbakemeldingar frå brukarane.

Ha det gøy på nær o-løp, rakettløype.

Rakettløype ved nær o-løp. Utforminga av rakettløypa kan bli betre, og denne bør ikkje være for lang. Max 1 minutt pr. runde. Deltakinga varierer, men nokon kjem til nær o-løpet kun for denne aktiviteten. Innkjøp av nytt "O-bingobrett» med oppgåve å kjenne igjen/ huske kartteikn for kvar runde. Idè Tor Christopher Fink og Gunnar Gytri.

Finn Fram dag

21 Mai vart det gjennomført Finn Fram dag i samarbeid med Barnas Turlag Jølster. Rundt 35 barn i alderen 4-10 år deltok. Ansvarleg Kjartan Hauger.

World Orienteering Day, vårt tilbod var nybyrjarløype og rakettløype.

Tilbodet gjekk til skulane Slåtten og Sunde.

22 mai elevar frå Slåtten skule 5 og 7 trinn, sum 115 elevar + 5 lærarar.

23 mai elevar frå Sunde skule 5,6 og 7 trinn, sum 80 elevar + 5 lærarar.

Instruktørar i Gunnar Gytri og Jostein Fredly.

Den 23 mai deltok også 40 born og vaksne på nær-o-løpet ved Skilbrei Ungdomssenter.

Flatene skule leigde utstyr og avvikla o-aktivitetar sjølve, ca. 210 elevar deltok.



Bilde 1; veteran Jostein Fredly gir gode råd til post 1. **Bilde 2;** klar for rakettløypa

O-trolleir

9 og 10 juni vart det gjennomført o-trolleir frå Langeland med 9 jenter og 8 gutar. Instruktørar. Jannike Felde, Breimsbygda, Annina Schenker, Kurt Grønli og T C Fink (sjef). Frå Førde deltok: Elias Fink, Johan Husevåg-Lobben, Anja Hole, Øyvor Ringstad Loen, Aron Rygg Hjelmeland, Linda Årseth Russenes og Iben Stenseth Bruflot

Treningstiltak; Behalde ungdom i gruppa. Faste treningar for ungdom.

30 minutt o-teknisk før nærløpa, (gjennomført ved 10 nærløp). 8 ulike deltakarar har vore med (alder) Elias Ravndal (12), Anja Hole (13), Vegar Hole (15), Anders Scheflo Kvåle (12), Håkon Grønli (12), Øyvor Ringstad Loen (13), Trygve N. Os (16) og Henrik Vallestad (15). Ulike tema kvar gong. Instruktørar Yngve Årdal, Asgeir Årdal eller Gunnar Gytri

Vintertrening jan, feb., mars og nov og des.

Styrketrening med oppgåver ved Slåtten skule. Deltakarar; Anita Hole, Knut Even Hole, Anja Hole, Vegar Hole, Håkon Grønli, Anders Scheflo Kvåle (vår), samt Kristian Bråten og Johan Magerøy (haust). Ansvarleg trenar Gunnar Gytri. Å lage oppgåver blir delegert.



Ungdomstrening før nærløpet 6.september.

Frå venstre; Anja, Elias, Håkon, Trygve, Vegar og Henrik.

Trenar Asgeir Årdal

Nattløpa. I perioden 27. september til 2. november, vart det avvikla 5 nattløp.

Frammøtet var bra, 16 deltakarar på den meste. Nattløp er god o-teknisk trening.

Orienteringsutstyr

Rådet stod også for kontakt med per Øyvind Kindem som troppa opp med full bil ved nær o-løpet på Skilbrei i mai.

Likeeins formidla vi bestilling av løpsklede og overtrekksklede.

Resultat

KM-vinnarar frå Førde IL

KM-mellom: D 13-14 Anja Hole, H 17 Håvard Nummedal Os

KM-lang: D 13-14 Anja Hole, D 65 Brita Eilertsen Grønli, H 55 Gunnar Gytri,

KM-sprint: D 13-14 Anja Hole, D 50 Brita Eilertsen Grønli, H 50 Gunnar Gytri

Kretsløp (KM-mellom) Aust Agder

D 13-14 Anja Hole nr. 1 av 3

Hovedløpet: Trygve Nummedal Os nr. 57 av 66 på HL-sprint.

Norsk O-festival, Oppdal

H 60 Gunnar Gytri, langdistanse nr.8 av 39, mellomdistanse nr.6 av 40

H 65 Torodd Os, sprint nr.16 av 38, langdistanse nr.12 av 48, mellomdistanse nr.16 av 46

H 65 Helge Schei, sprint nr.31 av 38, langdistanse nr.35 av 48, mellomdistanse nr.13 av 46

Midnattsolgaloppen, Tromsø

H 11-12 Håkon Grønli, plasseringane 1,2,2 og 4

H 70 Kurt Grønli, plasseringane 3,8,5 og 5. Samanlagt nr.4 av 23

D 75 Brita Eilertsen Grønli, plasseringane 2,3,1 og 1. Samanlagt nr.2 av 7

Veteranmesterskapet, Rauland

H 65 Helge Schei, sprint nr.23 av 38, langdistanse nr.32 av 50 og mellomdistanse nr.35 av 48

H 75 Egil Nestande, langdistanse nr.29 av 36, mellomdistanse nr.14 av 33

Scottish 6 days, Ballater Scotland

M 60 Gunnar Gytri, plasseringane 3,6,9,4,10 og 3. Samanlagt nr.4 av 98

WMOC (verdsmeisterskap for veteranar) New Zealand

M 75 Egil Nestande, sprint B-finale nr.4, langdistanse nr.44 av 69

Tiltaksplan og resultat sesongen 2017

Tiltaks-område	Mål	Tiltak	Korleis (beskriv)	Tidspunkt	Ansvarleg	Ønskt resultat
Foreldre/barn	Oppfølging nye	Informasjonsmøte	Invitere foreldre og barn/ungdom. Kort agenda med prøveløp. Dele ut brikkar + sesongsplan	29 Mars.	Gunnar Gytri	10 Foreldre Barn og ungdom
Barn	Ha det gøy på nærløp	Rakettløype	Variert i kratt, pytt, skrent	Nærløp	Medhjelpar v/nærløp	
Ungdom	Beholde ungdom. Øve o-teknisk	Innetrening	Tinge plass ved Slåtten skule	Nov-mars	Gunnar Gytri	5 ungdom
Ungdom	Behalde ungdom.	O-troll leir	Invitere til fellesskap med ymse sosiale aktivitetar. Opplegg med O-teknisk trening, og løyper av ulik vanskegrad	9-10 Juni.	Tor Chr. Fink	10 deltakarar
Ungdom	O-teknisk	30 min før nærløp	Tema med o-teknisk utfordring	nærløp	Gunnar Aaseir/Yngve	8 ungdom. Fleire instruktører
Skule		Markering av WOD (Verdens o-dag)	Kontakt til Slåtten, Sunde (og ev. Flatene) skular. Skaffe kart og tilby skulane leige av EKT-utstyr. Tips om o-opplegg for skulane, enkel stjerne-o og korte sløyfer på skulekart.	22-23 Mai.	Gunnar / Jostein	Alle elevar deltar
Finn fram	Marknadsføring/ synleggjering	O-løp Svidalsneset	Familedag på Svidalsneset i lag med Barnas turlag, 4H klubbane i Jølster, Jølster jakt og fiskelag og Sunnfjord kaia klubb.	21 Mai.	Kjartan	Rekruttering
Kompetanse-tiltak	Auke lokal kompetanse	Løypeleggarkurs	Praktisk retta kurs i Førde IL sin regi, med vekt på krav til løyper for C- og N-nivå.	Mai	Teknisk råd	Nye løypeleggjarar
	Auke lokal kompetanse	Synfaringskurs	Kurs i Førde IL sin regi, med vekt på korrigering og godatering av eksisterande kart.	Mai/juni	Teknisk råd	Nye synfararar
Turorientering	Oppretthalde tilbod	Salg og marknadsføring	Lage minst 4 forskjellige turar/løyper, med ulik vanske-grad og nokre postar på kulturminne. Legge turane ut på www.turorientering.no , pluss salg av turane (Tur-O-posar) hos Fedal Sport as	April / oktober	Tur o-råd	Auka deltaking i 2017

Rapport resultat
Gjennomført med veldig bra Deltaking. 32 møtte
Gjennomført
Gjennomført som oppsett
Gjennomført. 17 deltakarar
Gjennomført
WOD markert på Nærløp 23.05, pluss som skulesprint ved Slåtten, Sunde og Flatene.
Gjennomført, 30-40 barn deltok
Ikkje gjennomført, 4 på kurs i Stryn.
Ikkje gjennomført, utsatt vår 2018
Gjennomført med 4 turar som oppsett. Nokre fleire delt. enn i 2016. Kom for seint i gang.

Resultatrekneskap 2017

INNETEKTER				UTGIFTER			
Konto nr.	Kontoklasse/budsjettkapittel	Rekneskap Kroner	Budsjett Kroner	Konto nr.	Kontoklasse/budsjettkapittel	Rekneskap Kroner	Budsjett Kroner
	INNETEKTER TOTALT	138 073,25	145 000		UTGIFTER TOTALT	223 339,12	295 000
	MEDLEMSINNETEKTER	19 171,00	20 000		KOSTNADER DELTAKING I STEMNE	23 021,40	25 000
3010	Eigenandel innetrening	0,00	1 000	4000	Startpengar	21 865,00	20 000
3070	Eigenandel deltaking på løp	19 171,00	19 000	4020	Reiseutgifter	0,00	2 500
				4050	Ymse	1 156,40	2 500
	INNETEKTER FRÅ ARRANGEMENT	10 015,00	15 000		KOSTNADER VED ARRANGEMENT	9 676,25	15 000
3350	Startkontingent krinsløp	2 740,00	5 000	4132	Turorientering	907,00	5 000
3351	Startkontingent andre løp	0,00	0	4150	Premiar	8 499,25	7 000
3352	Deltakaravgift turorientering	7 275,00	10 000	4180	Annonser, porto	0,00	1 000
3389	Andre arr.inntekter	0,00	0	4185	Utstyr, varer	270,00	1 000
				4195	Ymse	0,00	1 000
	SALGSINNETEKTER	12 840,00	13 500		TRENING, INSTRUKSJON	17 106,19	54 000
3540	Kiosksalg	970,00	1 500	4230	Samlingar, leirar	2 719,91	7 000
3550	Salg av utstyr (inkl. drakter)	11 870,00	10 000	4260	Annonser/ informasjon	11 041,20	15 000
3560	Salg av kart	0,00	1 000	6010	Lokalleige	500,00	1 000
3570	Ymse	0,00	1 000	6730	Idrettsfaglege tenester/ trenar	0,00	26 000
				4270	Ymse	2 845,08	5 000
	TILSKOT	64 101,00	71 000		KART, ANLEGG, UTSTYR	150 735,60	162 000
3160	Tilskot frå hovudlaget	23 801,00	15 000	4410	Løpsutstyr, m.a. nye drakter	21 081,00	26 000
3125	Spelemidlar/kulturmidlar	0,00	0	4431	Kartprosjekt Kinna	120 000,00	130 000
3170	Tilskot frå NOF/SFOK	30 800,00	20 000	4432	Kart-/løypetrykk KM/ nærløp	2 349,00	5 000
3190	Andre tilskot (VO-midlar, m.m.)	9 500,00	36 000	4435	Ymse	7 305,60	1 000
	TRENING, INSTRUKSJON	30 946,25	23 000		KONTINGENTAR	17 133,00	20 000
3320	Startkontingent nærløp	30 946,25	22 000	4610	Kontingent til SFOK	10 000,00	12 000
3322	Ymse	0,00	1 000	4620	Kontingent/løpsavgift til NOF	7 133,00	8 000
	INNETEKTER FRÅ LOTTERI M.M.	1 000,00	0		UTGIFTER VED LOTTERI M.M.	0,00	0
3610	Lotteri/ bingo	0,00	0	4800	Lotteriutgifter	0,00	0
3620	Dugnadsinntekter	1 000,00	0	4810	Dugnadsutgifter	0,00	0
	FINANSINNETEKTER	1 856,00	2 500		ADMINISTRASJON	5 666,68	18 800
8050	Renter lagskonto(3700 07 15094)	5,00	0	6800	Porto, papir, telefon	0,00	2 800
8051	Renter sparekonto(3700 58 54246)	1 851,00	2 500	3400	Lokalleige	0,00	1 000
8052	Andre finansinntekter	0,00		5800	Møte, kurs	5 416,68	10 000
				7790	Ymse	250,00	5 000
	DRIFTSRESULTAT	-85 265,87	-150 000		FINANSKOSTNADER	202,00	200
	(Inntekter - utgifter)	-85 265,87	-150 000	7780	Gebyr (bank, post)	202,00	200
				8155	Renter	0,00	0
	FINANSPOSTAR					Saldo per	Saldo per
	Renteinntekter	1 856,00			BANKKONTOAR	dags dato	01.01.2017
	Gebyr og renteutgifter	202,00		1942	Lagskonto (3700 07 15094)	18 801,75	14 265
	Netto finanspostar	1 654,00		1944	Sparekonto (3700 58 54246)	463 821,93	551 971
					Sum	482 623,68	566 236
	Årsresultat	-83 611,87	-150 000				
	Overført kapitalkonto (eigenkap.)	-83 611,87					

Førde IL Orientering - Budsjett 2018

INNTEKTER			UTGIFTER		
Konto nr.	Kontoklasse/budsjettkapittel	Budsjett Kroner	Konto nr.	Kontoklasse/budsjettkapittel	Budsjett Kroner
	INNTEKTER TOTALT	130 500		UTGIFTER TOTALT	245 500
	MEDLEMSINNTEKTER	20 000		KOSTNADER VED DELTAKING I STEMNE	23 000
3010	Eigenandel innetrening	1 000	4000	Startpengar	20 000
3070	Eigenandel deltaking på løp	19 000	4020	Reiseutgifter	1 500
			4050	Ymse	1 500
	INNTEKTER FRÅ ARRANGEMENT	11 000			
3350	Startkontingent krinsløp	3 500		KOSTNADER VED EIGNE ARRANGEMENT	13 000
3351	Startkontingent andre løp	0	4132	Turorientering	3 000
3352	Deltakaravgift turorientering	7 500	4150	Premiar	8 000
3369	Andre arrangementsinntekter	0	4180	Annonser, porto	500
			4185	Utstyr, varer	1 000
			4195	Ymse	500
	SALGSINNTEKTER	12 000		TRENING, INSTRUKSJON	23 000
3540	Kiosksalg	1 000	4230	Samlingar, leirar	5 000
3550	Salg av utstyr, m.a. nye drakter	10 000	4260	Annonser/ informasjon	12 000
3560	Salg av kart	0	6010	Lokalleige	1 000
3570	Ymse	1 000	4270	Ymse forbruksmateriell	5 000
	TILSKOT	55 000		KART, ANLEGG, UTSTYR	160 000
3160	Tilskot frå hovudlaget	18 000	4410	Løpsutstyr	25 000
3125	Spelemidlar/kulturmilar (kart)	0	4431	Kartprosjekt Kinna	132 000
3170	Tilskot frå NOF/SFOK	25 000	4432	Nærmiljøkart (Sunde Farsund)	2 000
3190	Andre tilskot (VO-midlar m.m.)	12 000	4435	Ymse	1 000
	TRENING, INSTRUKSJON	30 000		KONTINGENTAR	18 000
3320	Startkontingent nærløp	29 000	4610	Kontingent til SFOK	10 000
3322	Ymse	1 000	4620	Kontingent/løpsavgift til NOF	8 000
	INNTEKTER FRÅ LOTTERI DUGNAD	0		UTGIFTER VED LOTTERI DUGNAD	0
3610	Lotteri/ bingo	0	4800	Lotteriutgifter	0
3620	Dugnadsinntekter	0	4810	Dugnadsutgifter	
	RENTEINNTEKTER	2 500		ADMINISTRASJON	8 300
8050	Lagskonto(3700 07 15094)	0	6800	Porto, papir, telefon	500
8051	Sparekonto(3700 58 54246)	2 500	3400	Lokalleige	500
8052	Andre finansinntekter		5800	Møte, kurs	6 800
			7790	Ymse	500
	RESULTAT	-115 000		FINANSKOSTNADER	200
			7780	Gebyr (bank, post)	200
			8155	Renter	0

Kommentarar til rekneskapet

Rekneskapet for 2017 kjem ut med eit årsresultat (underskot) på snautt kr 84 000. Dette er eit vesenteleg betre resultat enn oppsett i budsjettet som vart godkjent av årsmøtet. Budsjettet for 2017 rekna med eit underskot på kr 150 000. Både inntekter og utgifter er mindre enn oppsett i budsjettet, der særleg utgiftene er vesentleg lågare enn rekna med (kr 72 000).

Kommentarar til budsjettet

På same måte som tidlegare år er budsjettet for 2018 i stor grad basert på rekneskaps-resultata frå året før. Ein del av postane på inntektssida er litt nedjustert slik at samla inntekter summerer seg til kr 130 500. Vi søkte i 2016 om spelemidlar til det nye kartet «Kinna», men fekk avslag på søknaden i 2017. Tilbakemeldinga frå fylkeskommunen var likevel at søknaden er «formelt i orden og kan fornyes neste år». Forna søknad vart sendt hausten 2017, men på grunn av manglande midlar reknar vi heller ikkje med at søknaden blir innvilga i 2018. Tilskot frå spelemidlane er derfor ikkje innlagt i budsjettet.

Kart. På utgiftssida utgjør arbeidet med det nye kartet Kinna den største posten. Styret aksepterte i 2016 eit tilbud på synfaring og teikning på kr 261 250 for ca. 3/4 av kartet. Om lag halvparten av denne summen er betalt i 2017, og resten er lagt inn i budsjettet for 2018. Synfaring og teikning av siste 1/4 av kartet er gjennomført som dugnadsarbeid i 2017.

Nytt EKT-utstyr. Det er rekna med innkjøp av eit sett (25 stk.) nye løparbrikker for utleige, og ein ny Mini Time Recorder MTR4 av ny type, komplett med EPR3 printer. I tillegg er det lagt inn kostnad for reparasjon og skifte av batteri for 3 av våre eldste MTR4. Nye koffertar til desse ligg også i budsjettet.

Utgiftspostane er elles oppsett i høve til forbruk tidlegare år og rekneskapsresultat for 2017.



eScan er Emits nye brikkelesar

Revisjonsmelding for Førde IL Orientering 2017

Valde revisorer har gjennomgått
rekneskapen for Førde IL Orientering
for 2017. Bilaga stemmer med
kontoetskrift fra banken. Vi mener
at resultatet viser et rett bilde av
drifta i 2017. Vi vil på lei at
rekneskapen for 2017 sent godkjent
av års møtet.

Førde, 28.07.18

Isbjørn Jæhrestad
vald revisor

2/2-18
Kurt Grønli
(revisor)